



## NOTAT – OSTERØY KOMMUNE

### Innspel - framlegg til Nasjonal transportplan 2018-2021

Eining: Rådmannen

Dato: 25.04.2016

---

### Fylkeskommunen si uttale til grunnlagsdokument for NTP 2018-2021

#### Uttale Osterøy kommune

«Osterøy kommune vil fokusere på «påkobling» til ny E16 og oppbygging av Arna som regionsenter for Bergensregion aust. Til dømes innfartsparkering og tilhørende infrastruktur er viktig for å bygge opp under potensialet for naudsynt utvikling av denne delen av regionen. Dette er viktig for å få til ei god og bærekraftig utvikling av regionsenteret og vil samstundes legge grunnlag for samfunns- og næringsutvikling på Osterøy. Dette vil også kome innbyggjarane på Osterøy til gode.

For Bergensregionen betyr dette at ein kan busette og gi arbeid til mykje av den spådde veksten i regionen. Osterøy har eit uutnytta potensiale og kan, med rette føresetnader, ta imot mykje større del av den spådde veksten på vel 4000 nye innbyggjarar dei neste 15 åra. Osterøy kan bidra til å løyse utfordringane knytt til venta vekst dersom dei rette infrastrukturpremissane vert lagt til grunn i K5 med direkte kopling til veg og god nok infrastruktur knytt til jernbanestopp, fortrinnsvis i regionsenteret».

#### Bakgrunn

Grunnlagsdokumentet til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029 er sendt på høyring med frist 1. juli 2016.

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Bergen Næringsråd samt NHO og LO har tatt initiativ for å få fram felles prioriteringar i høyringa.

Kommunane er med dette bedne om å kome med sine innspel til Fylkeskommunen gjennom regionråda:

«I tillegg til innspels- og høyringsmøte ønskjer Hordaland fylkeskommune å invitere kommunane og relevante organisasjonar til å kome med skriftlege innspel. Innspela vil vere ein del av grunnlaget for utforming av Hordaland fylkeskommune sin uttale og vert lagt ved som vedlegg til den politiske saka. Vi ser gjerne at kommunane koordinerer sine innspel gjennom regionråda».

Regionrådet har på bakgrunn av dette bedt om å motta innspel seinast 02.05.2016 for å koordinere interessene til Norhordlandsregion.

**Hordaland fylkeskommune skal handsame sin uttale til NTP på fylkestinget 14/15. juni 2016.**

For relevante dokument og informasjon om arbeidet med NTP sjå; <http://www.ntp.dep.no/>